

Karnevalsuksess til 100!

18.02.2017



Ein nydeleg karnevalsgjeng

Det vart kjempestemning, og frammete over all forventning då Damevennene inviterte born og ungdom til karneval i Helgheim fredag. Rundt 100 betalande flott utkledde møtte opp fordelt på dei to gruppene, 1.-3.klasse og 4.-7.klasse. Såleis vart det ein kjempesuksess med topp karnevalstemning heile kvelden.



Og endå ein flott karnevalsgruppe.

Det var Damevennene, også dei flott utkledde for kvelden, som stod for arrangementet, og dei gjorde det for å skaffa litt pengar slik at det skal verta mogeleg å ha nokre kantinedagar med sunn mat på Uskedalen skule. Dette populære tiltaket var i fare for å bli kutta ut då det ikkje er pengar i budsjettet til det, og gratis-prinsippet gjeld.

Sølvsagt var det kåring av beste kostyme. Elin Enes i Damevennene fortel at blant alle dei fantastik flotte, var det William Samland Eik og Katrine Øvstebø som vann i den yngste gruppa, medan Pål Ingmar Haugland og Ariana Rørvik Olsen vann prisen blant dei eldste. Det var kjekke leikar som piñata og limbo. I tillegg kunne dei kjøpa seg mykje godt i kiosken. I tillegg til pølser, brus, popcorn og anna snacks var det både knallgode karnevalsballar, kaker og lappar.

I etterkant av karnevalet har Damevennene fått mykje ros av deltakarar og foreldre for det flotte initiativet og gode jobben dei gjorde. Slik gjer seg ikkje sjølv, men er veldig kjekt når det vert så vellukka. Elin Enes og Damevennene synes dei flinke ungdommene som hjelpte til, fortener ekstra skryt. Joakim Myklebust, Ann Helen Rød Anine Enes og Veslemøy Haugland selde billettar og sytte for musikken. Dei var sterkt delaktige i suksessen.



Flotte og flinke Damevenner!



Så mykje godt var det i kiosken!!



Skikkelege karnevalsleikar er GØY!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anine Enes.